



NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 01.09.2017
Vår ref.: 2015/4714-29
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

132 kV kraftledning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon

Viser til dykkar brev dagsett 10.05.17 der de ber om innspel til 132 kV kraftledning Dalsbotnfjellet vindkraftverk – Frøyset transformatorstasjon. Vedlagt følger protokoll og saksframlegg frå politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune.

Sølve Sondbø
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lars Øyvind Birkenes

Arkivnr: 2015/4714-24
 Saksbehandlar: Tale Halsør og Lars Øyvind Birkenes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	201/17	24.08.2017

132 kV kraftledning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon

Samandrag

Zephyr AS søker om ein 19 km lang luftledning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk og sørover til Frøyset transformatorstasjon. Leidningen vil i hovudsak gå langs dalsidene eller gjennom skogsområde. Kryssinga av Austgulfjorden er planlagt med luftspenn. Størstedelen av traseen vil vere i Sogn og Fjordane fylke, medan det siste stykket går gjennom Masfjorden kommune. Saka har vore til handsaming tidlegare med ulike traseforslag. Den omsøkte traseen er ei justering av traseforslaget som var på høyring i 2015.

Traseen er i liten grad i konflikt med kjende regionale verdier i Hordaland. Området har i dag lite tekniske inngrep og framstår som relativt urørt. Det har truleg vore ferdsel gjennom området langt attende i tid og det er potensiale for konflikt med kulturminne. Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte, men vil få visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø på grunn av master og lineføring.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår til bygging av kraftlinja Dalsbotnfjellet-Frøyset.
2. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune rår frå bygging av kraftlina Dalsbotnfjellet - Frøyset grunna omsyn til naturvern og friluftslivinteresser.»

Nils Marton Aadland (H) sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Saka blir utsett. Før den kjem opp til ny handsaming må Hordaland fylkeskommune inngå dialog med Masfjorden kommune for å drøfte alternative kraftlinetraséar.»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Aadland sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV, A, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 1:

Utifrå dei samla negative verknadene av naturinngrep, m.a. den store straumlinja mellom Modalen-Mongstad, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygginga av kraftlinja.»

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2 (endringa står i kursiv):

Dersom NVE gir konsesjon, vert det stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.»

Anne Beth Njærheim trekte forslaget sitt.

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Erstatning av punkt 1:

Hordaland fylkeskommune rår frå den omsøkte kraftlinja og ber NVE gå i dialog med dei berørte kommunane for å komme fram til eit traséval som er betre for miljø, jordbruk og friluftsliv.»

Røysting (saka)

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Tomren sitt forslag punkt 1 fekk 5 røyster (MDG, H, V) og fall.

Oen sitt forslag punkt 1 fekk 13 røyster (SV, A, Sp, KrF, MDG, V, H) og vart vedteke.

Oen sitt forslag punkt 2 vart vedteke med 13 røyster mot 2 røyster (Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Vedtak

1. Utifrå dei samla negative verknadene av naturinngrep, m.a. den store straumlinja mellom Modalen-Mongstad, rår Hordaland fylkeskommune frå utbygginga av kraftlinja.
2. Dersom NVE gir konsesjon, vert det stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekt konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.06.2017

1. Innleiing

NVE har sendt på høyring tilleggssøknad for 132 kV kraftleidning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon. Frist for fråsegn er 23. juni 2017. Søkjar er Zephyr AS som har fått konsesjon til Dalbotnfjellet vindkraftverk i Gulen kommune (saka er klagd inn til OED og konsesjonsspørsmålet til vindparken skal handsamast på nytt når kraftlinetraseen er avklart). Dette er fjerde søknad om kraftlinetrase for vindparken.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som sektorstyresmakt for kulturminne. I vurdering av prosjektet i høve til regionale omsyn har vi nytta Klimaplan for Hordaland 2014-2030, Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke og Område for friluftsliv. Det er vidare referert til verdikart og retningslinjer i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland.

I saksframlegget er det utelukkande vurdert konsekvensar av tiltaket på verdiar og interesser innanfor Hordaland fylke.

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande overordna mål og strategiar for energiproduksjon og – distribusjon.

«Mål for energiproduksjon og –distribusjon: Hordaland skal produsera og distribuera energi for å auke andelen og mangfaldet av fornybar energi.»

3.6 - Strategi C: Utvikle påliteleg distribusjonsnett for energi

8. Utvikle distribusjonsnett slik at fornybar energi i størst mogleg grad kan erstatte fossil energi.

9. Kraftnettet skal ha kapasitet og drift som sikrar høg leveringstryggleik av elektrisitet. Energioverføringa må skje med minst mogleg energitap. Effektoppane i straumnettet må kunne dempast på etterspurnadssida.

11. Kraftnettet skal byggjast med minst mogleg arealkonfliktar. Ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftsområde og store landskapsverdiar i fylket, jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.

1.1. Prosess

Zephyr AS søkte om konsesjon for Dalsbotnfjellet vindkraftverk i 2011 og fekk i 2013 konsesjon. Konsesjonen inkluderte ei felles nettløysing i lag med Brosviksåta vindkraftverk, eit anna planlagt vindkraftverk i Gulen. Dette prosjektet vart sidan trekt. Denne første nettløysinga er per i dag den gjeldande konsesjonen, men Zephyr ønskjer ein ny trase, som er meir direkte frå vindparken deira til Frøyset.

I 2015 søkte dei om ein ny trase som skulle gå gjennom Myrdalen i Masfjorden. Her er det mykje lokal motstand mot traseen. I samråd med NVE utgreidde Zephyr AS to alternative trasear som unngjekk Myrdalen. Desse var på høyring i 2016. I følge Zephyr var tilbakemeldinga frå høyringa at konfliktane knytt til desse alternativa var minst like store.

I søknaden som no er komen har Zephyr gått attende til å søkje om ei line gjennom Myrdalen i Masfjorden, men dei har justert traseen litt for å unngå noko av konfliktane med den opprinnelege søkte linja.

1.2. Tidlegare innspel

Den omsøkte traseen følgjer i stor grad traseen som vart søkt om i 2015. Under er ei kortfatta oversikt over innspela i fråsegnene frå Hordalandssida av traseen i samband med den høyringa:

Fylkesmannen i Hordaland – Har ikkje kjennskap til spesielle interesser som vert råka av utbygginga. Ber om at ein vurderer samla belastning for Masfjorden.

Tove Kristin og Vidar Sleire Tistel, grunneigarar og næringsdrivande med «Inn på tunet» og «Garden som ressurs» – Grunneigarar vart ikkje varsla om søknaden. Melder om fine turområder, turpostar, stølsminner, utmarksminner, ein gravhaug og at dalen er ein gamal veg som har vore viktig langt tilbake i tid, og dette ikkje er kome fram i søknaden. Melder om eit verdifult økosystem i myrlandskapet og eit rikt fugleliv som er utsett for kollisjon med ei evt. line, grunna trekk gjennom Myrdalen. Masfjorden har mykje kraftutbygging og –liner, og meiner det er viktig å ta vare på eit område utan slik påverknad. 420-kV-lina Modalen – Mongstad passerer Sleire og meiner den totale påverknaden av store kraftliner i nærområdet blir for stort. Grunneigaren har sauver på beite i dalen og driv med hjortejakt. Dei legg til rette for skirenn om vinteren. Brukar nærområdet til aktivitetar og undervisning.

Anne G. Waage, grunneigar – Grunneigarar til traseen vart ikkje varsla om søknaden. Melder om at det i Myrdalen er eit rikt fugleliv, mange kjende og ukjende kulturminner, turområder og at det er rasfare ved Halsane (Gulen).

Risnes IL – Melder inn at Myrdalen er eit populært tur og rekreasjonsområde, og at dei køyrer opp skiløyper her på vinteren.

Norsk Ornitologisk forening – Er kritisk til metode for kartlegging av fugl og meiner denne er mangelfull. Gjev ei liste over viktige artar og status for desse i influensområdet. Det er eit rikt fugleliv, med mellom anna ørn og andre store fuglar der kollisjonsfaren er stor.

Naturvernforbundet Nordhordaland – Er kritisk til kartlegginga av fugl. Slår fast at det er mange viktige artar i området, og at Myrdalen er ein viktig trekkdal for fugl. Trekker fram at linja vil gå gjennom Ynesdalsvassdraget, som er verna. Meiner tiltaket er i konflikt med verneverdiane.

Barnas turlag Masfjorden – Myrdalen er eit flott dalføre for friluftsliv for born, det er lett tilgjengeleg og vert nytta til turar sommar og vinter. Skogsvegar går på begge sidar av dalen som gjer det mogleg med rundturar. Kraftliner vil bli oppfatta som inngrep i landskapet. Kritisk til manglande kartlegging av friluftsliv i dette området.

Fjelltrimgruppa Risnes IL – Gruppa merker opp løyper og legg ut postar. Myrdalen er eit lett tilgjengeleg område for alle gruppar i befolkninga og er utgangspunkt for mange av turane til gruppa. Rår i frå ei line i området, som vil forringe opplevingane for dei som brukar området.

Masfjorden kommune – Rår i frå konsesjon til lina. Ber om ny utgreiing med alternative trasear og med faglege utgreingar knytt til ornitologi, kulturmiljø, skogbruk, friluftsliv, vilt og landskap. Rådmannen viser til manglande involvering av grunneigarane, som har vore uheldig for drøftingane. Meiner kartleggingane har vore mangelfulle. Meiner verknaden for skogbruk er stor negativ grunna verdifull skog at at lina vil gi barrierer og gjere drift vanskeleg. Meiner vurderingane for fugleliv og hjort er mangelfulle og at verdisettinga er for låg.

2. Søknaden


2.1. Prosjektskildring

Zephyr søkjer om ein 19 km lang luftleidning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk og sørover til Frøyset transformatorstasjon. Breidde langs heile traseen vil vere 29 meter. Leidningen vil i hovudsak gå langs dalsidene eller gjennom skogsområde. Kryssinga av Austgulfjorden er planlagd med luftspenn. Linja kjem inn i Hordaland fylke og følgjer her dalføret Myrdalen ned mot transformatorstasjonen ved Tangedalsvatnet, ovanfor Frøyset i Masfjorden kommune.

Zephyr AS er eigd av Østfold Energi (1/2), EB Kraftproduksjon (1/4) og Vardar AS (1/4). Selskapet har fleire vindkraftprosjekt under planlegging og er operatør for Mehuken vindkraftverk i Nordfjord.

2.2. Samanlikning med tidlegare forslag

Skilnaden i trase mellom lina som vart søkt om i 2015 og i 2017 er ikkje stor, men der er ei justering, primært gjennom Myrdalen. Hovudskilnaden er at traseen er lagt i skogliene, framfor i dalbotnen. Dette for å gjere lina mindre dominerande i landskapet, og slik ta omsyn til friluftinteressene i dalen. På den andre sida vil det justerte forslaget ligge noko nærare hekkelokalitetar for fjellvåk og legg band på noko meir skog.



3. Verknad for natur og samfunn

Verknad av tiltaket for natur og samfunn, slik det er skildra i søknaden og tilhøyrande rapportar.

Landskap

Det er avgrensa to delområde for vurdering av landskap i traseen i Hordaland. Det første «Myrdalen» er eit lukka dalføre med mykje skog. Det går landbruksvegar på begge sidar av dalen, men det er lite tekniske inngrep utover dette. Området er vurdert å ha middels verdi med tanke på landskap. Traseen vil krysse dalføret øvst i dalen, og vil her vere godt synleg, elles vil traseen følgje skogliene nedover dalen. Det vil kunne oppfattast som skjemmaende der lina krysser landbruksvegane/turstiane. Omfanget av tiltaket er vurdert å vere lite negativt.

Den andre delområdet «Lisabrekkene – Tangedalsvatnet» er avgrensa for området ved transformatorstasjonen. Fleire dalgangar møtest i dette området og landskapet flatar ut. Her er store, opne myrflater, eit vatn, eit gardsbruk og fleire kulturminne. Elles i landskapet dominerer barskog. Her er ein transformatorstasjon og høgsentlinjer kjem inn frå fleire retningar. Området er vurdert til middels verdi. Traseen er planlagt i randsonen av dalføret og i grensa mellom myr og skog. Linja vil vere mest synleg der ho passerer Tangedalsvegen nord for Tangedalsvatnet. Frå kulturlandskapet ved Lisabrekkene er linja lite synleg. Grunna eksisterande trafostasjon med tilhøyrande linjer, vil ikkje nyetableringa ha stor innverknad. Verknadane av tiltaket er vurdert til liten negativ verknad.

Kulturminne

Konsekvensvurderinga konkluderer, som for austre del av Myrdalen, med at det ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i det området av traséen som berører Hordaland. Registrerte kulturminne frå nyare tid er ei SEFRAK-registrert seterbu i Myrdalen, id. 1266 2 84, like vest for Myrdalselva. I Topografisk arkiv frå universitetsmuseet i Bergen er det opplysingar som viser at Myrdalen har vore nytta som ferdsleveg i uminnelege tider. Det er og muntlege opplysingar i Topografisk arkiv som viser til moglege gravhaugar i dalen som ikkje har vore undersøkt av fagfolk, samt at det skulle vera gamle sagn om at ein hadde drege båtar gjennom heile Myrdalen. Dette viser at daldraget i alle høve har vore i bruk som ferdsleveg og det kan difor ikkje utelatast at det kan finnast hittil ikkje kjente automatisk freda kulturminne langs traséen.

Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for det som til no er kjent av kulturminne, unntaket er då Myrdalen som ferdsleveg. Konsekvensane er i utgangspunktet knytt til visuell påverknad på nærliggjande kulturmiljø som ferdselsveg og den ovanfor nemnde seterbua, samt at det i utgangspunktet er eit område som er forholdsvis lite påverka av inngrep, einaste er skogsvegar gjennom daldraget. Det må også nemnast at traséen kjem i visuell nærføring til gardsmiljøet (ruinar, steingardar m.m.) på bnr. 3 Lisabrekke under Tangedal gnr. 8. Dette bruket vart i fylgje bygdeboka utskilt i 1887 og bygningsruinane er ikkje SEFRAK-registrert.

Natur

Det er ikkje registrert eller funne raudlista artar eller naturtypar langs den delen av traseen som ligg i Hordaland. Det er i tillegg gjort ei vurdering av kjende førekomstar av fugleartar i området som ikkje er raudlista, men som vil kunne bli negativt påverka av prosjektet. Av rovfuglar er det registrert at kongeørn, havørn, fjellvåk, tårnfalk og dvergfalk hekker i nærleiken av traseen. Vidare er det gode bestandar av rype og flekkvis utbreidd orrfugl i Masfjorden. Området er ikkje kjent som eit viktig trekk-, raste- eller overvintringsområde. Det vil likevel vere ein del trekk over området og kanskje ein viss konsentrasjon i dalføret nord for Frøyset. Verknadane av prosjektet for fugl generelt er vurdert å vere middels negativt, og vil vere knytt til kollisjon med kraftliner.


Den delen av tiltaket som ligg i Hordaland følgjer i store delar av traseen Yndesdalsvassdraget, som er eit verna vassdrag. Verdien av området er sett til stor, men verknaden av tiltaket på verneverdiane er vurdert å vere ingen til liten negativ.

Landbruk

Det er eitt landbruksområde ved traseen i Hordaland. Lisabrekkene er eit småbruk, noko bratt og tungdrive. Verdivurdering for området er middels. Området vert ikkje påverka av utbygginga og verknadane er vurdert til ingen.

Store delar av traseen i Hordaland går gjennom skogsområde. Dette er for det meste barskog og noko lauvskog. Areala har god produktivitet og særleg området i midtre-nedre del har høgt eller særst høgt produksjonspotensial. Det er lite hogst i området, men det er infrastruktur her og potensialet er godt. Delområdet får middels verdi med tanke på skogbruk. Ein del av desse område vil bli bandlagde då dei må takast ut i samband med bygging og drifting av linja. Verknadane av tiltaket for skogbruk er vurdert til middels negativt for skogbruk.

Det er mykje hjortejakt i området. I valdet Frøyset – Tangedal vart det tildelt ein kvote på 35 hjort i 2015, med ein fellingsprosent på 77%. Jakt i området er vurdert til middels – stor verdi. Verknadane for hjortejakta er knytt til restriksjonar for tryggleik og dels barriereeffekten av tiltaket dei første åra grunna anleggsarbeid og nytt framandelement. Området dette gjeld er lite samanlikna med dei totale jaktterrenga og verknaden er vurdert til liten negativ for tema jakt.



Figur 1 Registrerte turstiar i Myrdalen

Friluftsliv

Det er kartlagt tre turstiar i Myrdalen, der to går til kvart sitt høgdedrag med utsikt (9 og 10), og éin er turstien langs dalen til Kjellby (7). Verdien av desse stiane er vurdert til liten.

Linja er vurdert å ha meir perifer verknad for utsiktspunkta, men er venta å prege landskapsinntrykket frå turstien mellom Sleire og Kjellby. Attraktiviteten og kvaliteten på opplevingane langs turstien er venta å bli redusert.

4. Fylkesrådmannen si vurdering

Tiltaket er med å støtte opp om mål i Klimaplanen om at «Hordaland skal produsera og distribuera energi for å auke andelen og mangfaldet av fornybar energi.» Ved å knytte vindkraftverket på Dalsbotnfjellet vil nettløysinga vere med å auke andelen og mangfaldet av fornybar energi ved at 391 GWh ny fornybar energiproduksjon vert tilgjengeleg i nettet. Ved å auke den fornybare andelen og totale mengda tilgjengeleg kraft i nettet er prosjektet òg med på å underbygge strategi C8 i same plan «Utvikle distribusjonsnett slik at fornybar energi i størst mogleg grad kan erstatte fossil energi.» Produksjonen frå Dalsbotnfjellet vil overførast mot Mongstad der det er stor industriaktivitet og slik er potensialet for å bidra til å erstatte fossil med fornybar energi tilstade.

Klimaplanen legg òg føringar for konkrete prosjekt gjennom strategi C11 «Kraftnettet skal byggjast med minst mogleg arealkonfliktar. Ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftsområde og store landskapsverdiar i fylket, jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.» I det følgjande er potensielle arealkonfliktar vurdert etter tema, jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.

Verna område

I den delen av prosjektområdet som ligg i Hordaland er det meste råka arealet innanfor det verna vassdraget Yndesdalsvassdraget.

Fylkesdelplanen for små vasskraftverk slår fast at (R2):

I verna område er verneføresegnene styrande for kva inngrep som vert akseptert. I verna vassdrag kan konsesjon for kraftverk opp til 1 MW og opprusting av eksisterande anlegg vurderast om tiltaket ikkje svekker verneverdiane i området.

Vassdraget vart verna i 1986 på bakgrunn av å vere eit typevassdrag for ytre og midtre fjordstrøk.

Vassdraget sin verdi er knytt til at det er få verna vassdrag i denne sonen og at det inneheld kvalitetar som er typiske for desse. Vern av biologisk mangfald eller naturtypar, landskapsvern og friluftsverdiar med særleg verdi er ikkje trekte fram i verneføresegnene. Fylkesrådmannen vurderer ikkje at verneverdiane i vassdraget vert råka av kraftlinja.

Biologisk mangfald

Det er ikkje registrert naturtypar eller artar av stor verdi i delområdet i Hordaland. Utbygging av større kraftlinjer har alltid konsekvensar for fugl og dels konsekvensar for naturtypar gjennom arealbeslag. Fylkesrådmannen kjenner ikkje til verdiar i området som gjer at prosjektet er i strid med retningsliner for små vasskraftverk.

Landskap

Prosjektområdet ligg i eit område karakterisert som «kystfjelldal» i Verdivurdering av landskap for Hordaland. Verdivurderinga er sett til «vanleg førekommande». Desse områda er lett tilgjengelege, frodige og ofte innfallsportar til attraktive turområde i fjell. Faktorar som påverkar endring i desse landskapa er typisk utbygging av hyttefelt og kraftutbygging.

Kraftlinja vil gå gjennom eit vanleg førekommande landskap i regionen. Tiltaket vil lage eit belte utan vegetasjon gjennom skogsområda og slik vere eit synleg inngrep i eit lite utbygd landskapsområde. Traseen vil gå i lengderetninga på dalen og slik sett vere eit mindre inngrep enn om traseen skulle gått på tvers av dalen.

Fylkesrådmannen vurderer konsekvensane av prosjektet til å vere små, basert på låge verdivurderingar av landskapet i regionale planar.

Kulturminne og kulturmiljø

Konsekvensvurderinga gir ei generell oversikt over det som er kjent av kulturminne og konkluderer ut frå det at potensialet for funn av nye hittil ikkje kjende freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne er lågt. Det bør likevel understerkast at det ikkje har blitt søkt etter kulturminne i det aktuelle området før. Det er eit visst potensial for funn av automatisk freda kulturminne langs traséalternativ 1A som det også er for alternativ 1, då det truleg har vore ferdsel gjennom området langt attende i tid, både over fylkesgrensa og i mindre skala. Ein kan også vente å finne spor etter automatisk freda kulturminne knytt til bruken av utmarksressursar.

Utbygginga rår ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte, men vil få visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø på grunn av master og lineføring. Det må også presiserast at alle tilkomstveggar, riggplassar, trommelplassar, deponi o.l. skal oversendast Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren for vurdering i høve til kulturminne dersom konsesjon vert gitt.

Andre brukarinteresser

Store delar av tiltaksområdet ligg i det regionale friluftsområdet «Frøsetvassdraget». Området har verdivurdering C, og er ein type område med særlege kvalitetar. Verdiane i området er knytt til store opplevingsverdiar, høgt potensial for meir bruk og at området i stor grad er inngrepsfritt. Slik fylkesrådmannen vurderer saka er det ikkje verdiar i området som tilseier restriktiv praksis på grunnlag av friluftslivsinteresser. Vi minner likevel om at retningslinene i Fylkesdelplan for små vasskraftverk slår fast at «(...)Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.» Fylkeskommunen har ikkje spesielle merknadar til konklusjonane i konsekvensutgreiinga til søknaden når det gjeld haustbare, ikkje truga viltartar som fylkeskommunen har forvaltningsansvar for (hjort, rype, orrfugl m.m.).

5. Konklusjon

Traseen er i liten grad i konflikt med kjende regionale verdiar i Hordaland. Området har i dag lite tekniske inngrep og framstår som relativt urørt. Det har truleg vore ferdsel gjennom området langt attende i tid og det er potensiale for konflikt med kulturminne. Utbygginga rår ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte, men vil få visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø på grunn av master og lineføring.

Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Detaljplan med alle planlagde inngrep av varig og mellombels karakter må sendast Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekka konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Fotomontasje Myrdalen



Figur 2 Myrdalen i dag



Figur 3 Kraftlinjetrase søkt om i 2015



Figur 4 Aktuell kraftlinjetrase søkt om i 2017